

# Møtebok

for

## Generalforsamlinga i Sparebanken Sogn og Fjordane

Møtestad: Banken sine lokale i Førde  
Møtedato: 30. mars 2022

### **Sak 1 Registrering av frammøte.**

Leiar i generalforsamlinga, Bernt Reed, opna møtet.

Desse møtte: Ranveig Årskog, Marit Lunde, Marit Lofnes Mellingen, Harald Slettvoll, Ole Martin Eide, Ragnhild Helgheim, Heidi Berge, Rolf Kleiven, Ingunn Sognnes, Monika Refvik, Frank Kirkebø og Jakob Andre Sandal.

Desse medlemmane hadde meldt forfall og møtte ikkje: Brigte Samdal, Inger Johanne Osland, Kjersti Østerbø Bell, Monica Oppedal, Birgitta Hagen Kyrkjebø, Tor Ulsten, Lise Mari Haugen, Jon Rune Heimlid, Bente Nesse, Harald Kvame, Helge Holm-Marøy og Nils Vegard Kvam.

Desse varamedlemene møtte: Julie Vårdal Heggøy, Anne Kristin Aarskog og Rune Hegrenes.

Desse varamedlemene hadde meldt forfall og møtte ikkje: Randi Engen, Kristin Kyrkjebø, Margunn Grytten Selvik og Tor Einar Erikstad.

Dessutan møtte:

Frå styret: Sindre Kvalheim

Frå Deloitte: Rune Nordstrand Olsen

Frå administrasjonen: Trond Teigene, Frode Vasseth

Sekretær: Inger Marie Lien og Lillian Loen

### **Sak 2 Val av ein person som er til stades til å skrive under møteboka saman med møteleiar.**

Valde vart Heidi Berge.

### **Sak 3 Godkjenning av innkalling**

Skriftleg innkalling er sendt til alle medlemmer og varamedlemmer av generalforsamling 09.03.22. Innkalling er med det sendt minimum 14 dagar før møtet i generalforsamlinga skal finne stad, jf. finansforetakslova § 8-3 (1) og allmennaksjelova §§ 5-10 og 5-11 b.

#### **Framlegg til vedtak**

Generalforsamlinga godkjenner samrøystes innkallinga

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **Sak 4 Godkjenning av saklista**

Innkalling med sakliste og saksdokument er gjort tilgjengeleg på banken sine heimesider [www.ssf.no](http://www.ssf.no) den 09.03.22, i samsvar med finansforetakslova § 8-3 (1), allmennaksjelova §§ 5-11 a og vedtektene § 3-7. Innkalling og saksdokument er også gjort offentleg gjennom Oslo Børs si meldingsteneste [www.newsweb.no](http://www.newsweb.no) den 09.03.22.

#### **Framlegg til vedtak**

Generalforsamlinga godkjenner samrøystes saklista

Framlegget vart samrøystes vedteke.

## Sak 5 Orientering frå administrerende direktør

Styreleiar Sindre Kvalheim orienterte kort om året til styret, og korleis dei har jobba. Det har vore ein høg møteaktivitet på grunn av Covid og eit krevjande tilsyn frå Finanstilsynet. Samarbeidet med administrasjonen fungerer veldig godt.

Administrerende direktør Trond Teigene orienterte om stoda til banken. Resultatet til banken er historisk godt, trass i ein uroleg situasjon i verda. Det er kome ei mengde regulatoriske krav, blant anna når det gjeld informasjonssikkerheit, noko som gjer det utfordrande å drive bank. Banken opplever også auka krav til å rapportere om tiltak rundt berekraft, og må også hjelpe bedriftskundane sine på dette området. I perioden med pandemi har ein også fått forsterka viktigheita av lokalt eigarskap og ein bank som kan vere ein finansiell muskel med moglegheit til å støtte næringslivet. Banken har ein offensiv vekststrategi, både på privatmarknaden og bedriftsmarknaden. Det har vore eit krevjande år, men administrasjonen meiner likevel at det har gått betre enn frykta.

### Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga tok orienteringa til vitande

## Sak 6 Godkjenning av årsrekneskapen og årsmeldinga for 2021, under dette disponering av overskot og utdeling av utbytte.

Sparebanken Sogn og Fjordane sin årsrapport følgjer som vedlegg nr 1.

Årsrapporten inneheld mellom anna:

- Styret si årsmelding
- Resultatrekneskap, balanse, eigenkapitaloppstilling, kontantstraumoppstilling og noteopplysingar
- Utgreiing om styring av verksemda
- Berekraftsrapportering for banken

Administrasjonen vil orientere om rekneskapen i møte. Revisor vil gjere greie for si revisjonsmelding i møte.

Årsoverskotet som generalforsamlinga skal disponere er som følgjer:

Resultat etter skatt morbank	kr 632.867.673
Renter til hybridkapital	kr - 15.437.967
Til disposisjon	kr 617.429.706

Frode Vasseth presenterte kort rundt årsrekneskapen for 2021. Banken har ein god posisjon i marknaden, og tala for 2021 er solide. Resultatet har overgått forventningane ein hadde ved starten av året. Godt resultat frå finansielle instrument og god fart i ordinær drift bidreg positivt til resultatet. EK-avkastninga er historisk god. Kort spørsmålsrunde frå salen.

Revisor Rune Nordstrand Olsen orienterte kort om revisjonen.

### Framlegg til vedtak

Årsrekneskapen som vedlagt vert godkjent som banken sin årsrekneskap for 2021.

Generalforsamlinga vedtar at årsresultatet for 2021 vert disponert som følgjer:

Utbytte (kr 9,00 pr EK-bevis)	kr 175.348.683
Gåver	kr 12.000.000
Utjamningsfond	kr 364.743.207
Kompensasjonsfond (grunnfondskapital)	kr 65.337.816
Sum disponert	kr 617.429.706

Utbytte skjer på grunnlag av eigarsamansetning pr 30. mars og med utbetaling 21. april.

Styret si årsmelding, revisjonsmelding og utgreiing om styring av verksemda vert tatt til orientering.

Framlegg vart samrøystes vedteke

### **Sak 7 Fastsetting av godtgjersle til revisor for 2021**

I samsvar med finansføretakslova § 8-17 skal generalforsamlinga godkjenne ekstern revisor si godtgjersle. Godtgjersla følgjer av rekning og er spesifisert i note 26 til rekneskapen. Godtgjersla er også handsama i revisjonsutval 28.02.22 og styremøte 02.03.22.

#### **Framlegg til vedtak**

Generalforsamlinga godkjenner revisor si godtgjersle på kr 835.988 for 2021. Av dette gjeld kr 816.488 lovpålagt revisjon, medan kr 19.500 gjeld andre tenester.

Framlegg vart samrøystes vedteke

### **Sak 8 Styret si fråsegn om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette.**

Styret skal i medhald av finansføretakslova § 8-3 (1), jf allmennaksjelova § 5-6 (3) og § 6-16a legge fram for generalforsamlinga ei fråsegn om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette med slikt innhald som fastsett i § 6-16a.

Fråsegna følgjer som vedlegg nr. 2 til denne saksframstillinga. Det vert vist til fråsegna utan nærmare merknader. Det vert tilrådd at fråsegna vert teken til vitande.

#### **Framlegg til vedtak:**

Generalforsamlinga tar styret si fråsegn om fastsetting av løn og anna godtgjersle til leiande tilsette til vitande slik denne er formulert i vedlegg nr. 2 til denne saksframstillinga.

Framlegg vart samrøystes vedteke

### **Sak 9 Styret sine retningslinjer for fastsetting av lønn til leiarar (generalforsamlinga sitt vedtak er rådgjevande).**

Styret skal i medhald av finansføretakslova § 8-3 (1), jf. allmennaksjelova § 5-6 legge fram for generalforsamlinga retningslinjer for fastsetting av leiarløner. Sistnemnde regel i allmennaksjelova gjeld såleis tilsvarande for finansføretak. Generalforsamlinga skal halde ei rådgjevande avstemming over retningslinjene, med unntak for eventuelle retningslinjer for ytingar omtalt i allmennaksjelova § 6-16a, første ledd, tredje punktum nr 3, som gjeld godtgjersle i form av «*tildeling av aksjar, teikningsrettar, opsjonar og andre former for godtgjersle som er knyttet til aksje eller utviklingen av aksjekursen i selskapet eller andre selskaper innanfor same konsernet,...*». Retningslinjer for yting av den type godtgjersle som er utheva med kursiv, skal godkjennast av generalforsamlinga.

Banken sin etablerte politikk og konsept for yting av godtgjersle til leiande tilsette, som skildra i styret si fråsegn om godtgjersle til leiande tilsette i sak 8, vil verte vidareført i rekneskapsåret 2022.

#### **Framlegg til vedtak:**

Generalforsamlinga tilrår at gjeldande retningslinjer for leiarløner vert vidareførte.

Framlegg vart samrøystes vedteke

### **Sak 10 Retningslinjer for tildeling av eigenkapitalbevis, teikningsrettar, opsjonar og andre former for godtgjersle som er knytt til eigenkapitalbevis i sparebanken, til tilsette.**

Styret ber om fullmakt til kjøp av eigne eigenkapitalbevis med formål om retta sal til tilsette i konsernet og medlem og varamedlem av styret i sak 11. Ved slikt sal til tilsette vil det bli gitt rabattar til tilsette for å gi incitament til auka eigarskap i banken. Styret har også høve til å tildele ekstrabetalingar i form av EK-bevis til tilsette for inntil 1,5 månadslønn som ein del av banken sin generelle lønnspolitikk. Slik ekstrabetaling skal gjelde for alle tilsette, og skal ikkje gi insentiv til ekstra risikotaking. Utover dette har banken ikkje godtgjersleordningar i form av tildeling av eigenkapitalbevis, teikningsrettar, opsjonar eller andre former for godtgjersle knytt til eigenkapitalbevis i banken.

#### **Framlegg til vedtak:**

Generalforsamlinga godkjenner retningslinjer for tildeling av eigenkapitalbevis,

teikningsrettar, opsjonar og andre former for godtgjersle knytt til eigenkapitalbevis som beskrive over.

Framlegg vart samrøystes vedteke

## **Sak 11 Fullmakt til kapitalauke og kjøp av egne eigenkapitalbevis**

Styret foreslår ei vidareføring av fullmaktene knytt til fondsobligasjonar, ansvarleg lån, etterstilt gjeld og tilbakekjøp av eigenkapitalbevis. Styret ber ikkje om fornying av fullmakt til å hente inn ny eigarandelskapital.

Styret inviterer generalforsamlinga til å gi styret fullmakt i tråd med det som er skissert under.

### **Framlegg til vedtak**

#### **1 Fullmakt til å overta egne eigenkapitalbevis:**

1. Styret vert gitt fullmakt til å overta egne eigenkapitalbevis for samla pålydande 150 millionar kroner innanfor dei rammer som er fastsette i lov og forskrift. Det minste og høgste beløp som kan betalast for det einskilde eigenkapitalbevis er høvesvis kr 50,- og kr 400,-.
2. Fullmakta skal gjelde til neste ordinære generalforsamling.
3. Den samla pålydande verdi av eigenkapitalbevis som banken eig eller har avtalepart i, skal ikkje overstige 10 prosent av banken sine totale pålydande eigarandelskapital.
4. Før ei eventuell børsnotering kan eigenkapitalbevis kjøpast direkte frå eigar i andrehandsmarknaden. Etter ei eventuell børsnotering skal slikt erverv skje ved kjøp i verdipapirmarknaden via børs.
5. Eigne eigenkapitalbevis kan nyttast til retta sal eller tildeling til tilsette i konsernet og styre- og varamedlem til styret.
6. Fullmakta føreset registrering i føretaksregisteret og Finanstilsynet si godkjenning.

#### **2 Fullmakt til å utferde fondsobligasjonar:**

1. Styret vert gitt fullmakt til å utferde fondsobligasjonar med pålydande verdi inntil 500 millionar kroner
2. Fullmakta til slik utferding gjeld til neste ordinære generalforsamling.

#### **3 Fullmakt til å utferde ansvarleg lån:**

1. Styret vert gitt fullmakt til å utferde ansvarleg lån med pålydande verdi inntil 500 millionar kroner.
2. Fullmakta til slik utferding gjeld til neste ordinære generalforsamling.

#### **4 Fullmakt til å utferde etterstilt gjeld (Tier 3-gjeld):**

1. Styret vert gitt fullmakt til å utferde etterstilt gjeld utover ansvarleg lån og fondsobligasjonar med pålydande verdi inntil 2.000 millionar kroner.
2. Fullmakta til slik utferding gjeld til neste ordinære generalforsamling.

Framlegg vart samrøystes vedteke



## Sak 12 Val av styremedlemer

### Sak 12.1 Val av nestleiar, medlemer og varamedlem til styret med unntak av medlemer og varamedlemer som vert valde av dei tilsette.

I samsvar med vedtektene § 4-1 og § 5-1 og instruks for valnemndene i SSF, legg valkomiteen for generalforsamling fram forslag til styresamansetjing frå 2022.

Styremedlemer som er på val i år er Monica Rydland, Lise Mari Haugen og Geir Opseth og 1. varamedlem Jan Nicolai Hvidsten. I tillegg er Magny Øvrebø på val som nestleiar.

Leiar i valkomiteen Marit Lunde orienterte om arbeidet som har vore gjort i valkomiteen.

#### Valkomiteen sitt framlegg til vedtak:

Val av styremedlemmer for 2 år:	Monica Rydland - attval Lise Mari Haugen – attval Geir Opseth – attval
Val av nestleiar i styret for 2 år:	Magny Øvrebø – attval
Val av 1. vara til styret for 2 år:	Jan Nicolai Hvidsten – attval

### Sak 12.2 Orientering om val av tilsette sine representantar til styret og til valkomite i generalforsamling

Tilsette kan krevje to styrerepresentantar med varamedlemer. Det er berre tilsette som kan fremje forslag og stemme ved val av tilsette sine representantar til styret.

Dei tilsette som er på val i år er Jo Dale Pedersen som medlem, og Geir Grime og Torunn Steimler som varamedlemer.

#### Resultat frå valet blant dei tilsette

Tilsettere representant til styret for 2 år:	Ole Martin Eide (ny)
Varamedlem i 2 år:	Jo Dale Pedersen
Varamedlem i 1 år:	Torunn Steimler

#### Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga tok orienteringa til vitande

Framlegg vart samrøystes vedteke

### Sak 13 Val av medlemmer og varamedlemer til valnemnd for generalforsamlinga for 2 år.

I dag er valkomiteen sett saman av følgjande medlemmar:

Marit Lunde, innskytardvald  
Marit Lofnes Mellingen, EKB-representant  
Ole Martin Eide, tilsettere representant

Varamedlemmer:  
Brikt Samdal, innskytarvald  
Rolf Kleiven, EKB-representant  
Tor Ulsten, tilsettere representant

I valkomiteen i generalforsamlinga er Ole Martin Eide, og varamedlem Tor Ulsten på val i år.

#### Nye medlemmer frå dei tilsette i valkomiteen i generalforsamlinga er:

Medlem for 2 år:	Roger Svarstad (ny)
Varamedlem i 2 år:	Anita Hagen Læg Reid (ny)

Framlegg vart samrøystes vedteke

## Sak 14 Fastsetting av honorar og godtgjersle til tillitsvalde

Honorarsatsane for tillitsvalde vart sist endra i 2020, grunna auka arbeidsmengd i styret, styreutval og valkomite. Det vart også gjort endringar for godtgjersle pr. møte.

I år har vi innhenta og samanlikna satsar frå andre tilsvarande bankar, og vi ser at Sparebanken Sogn og Fjordane ligg noko lågt for styreverva og i risiko- og revisjonsutvalet i styret. Med tanke på arbeidsmengd og kompleksitet i desse utvala og i styret, bør satsane justerast.

Satsane for godtgjersle pr. møte blir ståande på same nivå som i dag. Dette gjeld òg for dei andre verva i valkomiteen, generalforsamlinga og kompensasjonsutvalet.

**Valkomiteen sitt forslag til endring av honorarsatsar er markert med raud skrift i kolonnen til høgre.**

	2020		Innstilling valkomite 2022	
	Satsar pr. møte	Sats pr år	Sats pr møte	Sats pr år
<b>Generalforsamling:</b>				
Leiar	4.500	30.000	4.500	30.000
Medlemer	3.500		3.500	
Varmedlemer	3.500		3.500	
<b>Styret:</b>				
Leiar	5.000	160.000	5.000	200.000
Nestleiar	5.000	90.000	5.000	110.000
Medlemer	5.000	70.000	5.000	90.000
Varmedlemer	8.000		8.000	
<b>Valkomite:</b>				
Leiar	4.000	30.000	4.000	30.000
Medlemer	4.000	5.000	4.000	5.000
Varmedlemer	4.000		4.000	
<b>Kompensasjonsutval:</b>				
Leiar	4.000	10.000	4.000	10.000
Medlem	4.000	5.000	4.000	5.000
<b>Revisjonsutval:</b>				
Leiar	4.000	10.000	4.000	20.000
Medlem	4.000	5.000	4.000	10.000
<b>Risikoutval:</b>				
Leiar	4.000	10.000	4.000	20.000
Medlem	4.000	5.000	4.000	10.000

### Møte under 2 timar

I samband med møte som varer under 2 timar inkl. reisetid skal møtegodtgjersle utbetalast med 50% av ordinære satsar. Ved møte som varer meir enn 2 timar, skal det utbetalast ordinær møtegodtgjersle.


Ved fellesmøte eller fleire møte same dag, vert det betalt eitt møtehonorar ut frå høgste sats.

**Framlegg til vedtak:**

Honorarsatsar til styremedlemer blir endra i samsvar med ny årleg sats i tabellen over.  
Andre satsar blir vidareført som tidlegare.

Framlegg vart samrøystes vedteke

Møtet slutt.



Bernt Reed  
leiar i generalforsamlinga



Heidi Berge